

LANGFREDAG 2021



Då soldatane hadde hånt Jesus, tok dei av han purpurkappa og lét han få att sine eigne klede. Så førte dei Jesus ut for å krossfesta han. Og dei tvinga ein mann som gjekk forbi, til å bera krossen hans; det var Simon frå Kyréne, far til Aleksander og Rufus, han var på veg inn frå markene. Dei førte Jesus til den staden som heiter Golgata – det tyder Hovudskallestaden. Der baud dei han vin med myrra i, men han ville ikkje ha det. Så krossfeste dei han. Kleda hans delte dei mellom seg ved å kasta lodd om kva plagg kvar av dei skulle ha. Det var omkring den tredje timen dei krossfeste han. Og innskrifta med skuldinga mot han lydde: «Kongen over jødane».

Saman med Jesus krossfeste dei to røvarar, ein på høgre og ein på venstre sida hans. Såleis vart det oppfylt, det skriftordet som seier: Og han vart rekna blant lovbrytarar.

Dei som gjekk forbi, spotta han, riste på hovudet og sa: «Sjå no, du som riv ned tempelet og byggjer det opp att på tre dagar! Frels deg sjølv og stig ned frå krossen!» Like eins hante overprestane og dei skriftlærde han og sa seg imellom: «Andre har han frelst, men seg sjølv kan han ikkje frelsa! Lat no Messias, Israels konge, stiga ned frå krossen, så vi kan sjå og tru!» Dei som var krossfeste saman med Jesus, spotta han, dei òg. Då den sjette timen kom, vart det mørkt i heile landet, og mørkret varte til den niande timen. Ved den niande timen ropa Jesus med høg røyst: « Eloï, Eloï, lemá sabaktáni?»

Det tyder: « Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» Nokre av dei som stod der, høyrde det og sa: «Høyr, han ropar på Elia.» Då sprang det ein fram og fylte ein svamp med vineddik, sette han på ei stong og ville la Jesus få drikka. «Vent», sa han, «lat oss sjå om Elia kjem og tek han ned.» Men Jesus ropa høgt og anda ut. Då rivna forhenget i tempelet i to, ovanfrå og heilt ned. Og då offiseren som stod midt framfor Jesus, såg korleis han anda ut, sa han: «Denne mannen var verkeleg Guds Son!» (Mark 15,20-39)

Herre! Eg er komen inn i dette heilage huset ditt
og vil høyra det som du talar til meg,
du Gud Fader, skaparen min,
du Herre Jesus, Frelsaren min,
du Heilage Ande, trøystaren min i liv og død.
Herre! Lat no opp hjarta mitt med din Heilage Ande,
så eg kan læra av ordet ditt å sørgja over syndene mine,
tru på Jesus i liv og død,
og betra meg kvar dag i eit heilag liv.
Høyr og bønhoyr meg ved Jesus Kristus! Amen.



Gud, ver meg nådig
Eg har synda mot deg og svikta min neste
med tankar og ord, med det eg har gjort, og det eg har forsømt
Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld
Skap i meg eit reint hjarte og gi meg kraft til nytt liv
ved din heilage Ande.

Evige, nådige Gud
du sende son din for å lida og døy for vår skuld.
Vi bed deg: Opna hjartet vårt for gåtene i Kristi kross
Lat krossen bli eit teikn på håp
i ei verd merkt av liding og vondskap,
ved Son din, Jesus Kristus vår Herre, som med deg og Den
heilage ande lever og råder
ein sann Gud frå æve til æve.
Amen.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på
jorda
slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt
daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre
skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i
freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra
i all æve. Amen.



Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.
Amen.

Vi ynskjer alle ei god påske. Du finn oss på facebookside til Kyrkja i indre Nordfjord, og til dei lokale kyrkjelydane, og du finn oss på heimesida vår <https://stryn.kyrkja.no/>. Kring kyrkja finn du ei Håpsvandring, og i Stryn sentrum ei krossvandring.